

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Mona Hellesnes og **Terje Søviknes** gjekk frå som ugilde fordi dei er høvesvis styreleiar og styremedlem i Sykkel-VM 2017. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hellesnes og Søviknes var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Alf Helge Greaker møtte for Mona Hellesnes i saka.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel-VM 2017.
2. Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomitèen for Sykkel-VM 2017.
3. Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelvanar slik:

| | |
|---|------------|
| Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland | kr 200.000 |
| Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 | kr 200.000 |
| Mobil sykkelparkering | kr 100.000 |

Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00